Til familie- og kulturkomiteen

Oslo, 12. januar 2016

Innspel til familie- og kulturkomiteen si høyring på Meld. St. 7 (2015–2016): Likestilling i praksis - Like muligheter for kvinner og menn.

Norges Bygdekvinnelag er ein frivilleg kvinneorganisasjon med 14 000 medlemmer i 450 lokallag, som jobbar for levande lokalsamfunn i heile landet. Likestillingsarbeidet er viktig for oss, og vårt eige arbeid med likestilling i organisasjonen påverkar og engasjerer medlemane våre.

Familiespørsmål er ein vesentleg del av likestillingsutfordringane og Norges Bygdekvinnelag meiner kombinasjonen familie og arbeidsliv burde hatt større plass i den nye likestillingsmeldinga, sjølv om Regjeringa har varsla at ei eiga familiemelding står på trappane.

Bygdekvinnelaget meiner at innføringa og utvidinga av fedrekvoten er eit godt eksempel på vellukka familiepolitikk som er med på å gje oss betre likestilling mellom kvinner og menn, og har synt seg å vera eit av dei sterkaste likestillingspolitiske verkemidla vi har. Difor er det med bekymring at vi like før jul kunne lese i Aftenposten at regjeringa si endring i foreldrepengeordninga allereie har gitt negative verknader.

I følgje NAV syner nye tall at fedrane etter endringa tek ut ein mindre andel av den totale foreldrepengeperioden etter at fedrekvoten vart redusert frå 14 til 10 veker. Det er første gong norske fedre brukar mindre tid med barna sidan fedrekvota vart innført for 22 år sidan.

Vi registrerer at likestillingsmeldinga er opptatt av å sikre mannsperspektivet i arbeidet med likestilling, og at foreldra skal være likestilte som omsorgspersoner. Det handlar om kvinner sin fridom til å velje utdanning og karriere, og menn sin fridom til å velje å ta del i omsorgsarbeidet, utan harde forhandlingar med arbeidsgivarar. Fedrekvota er ein positiv ferdigforhandla rett -som absolutt er med på å sikre mannsperspektivet der foreldra skal være likestilte omsorgspersonar.

Bygdekvinnelaget meiner familiepolitiske tiltak er naudsynt for å få eit meir likestilt arbeidsliv. Vi oppmodar difor til å sjå på dei positive verknadene av fedrekvota og på nytt auke ho til 14 veker.

Når far er heime med barnet det første året tek han også ein større del av ansvaret i heimen når borna vert eldre. Når kvinner og menn fordelar oppgåvene i heimen likt aukar det kvinner sine moglegheiter for karriere og er med på å legge til rette for at både menn og kvinner kan ha ei leiarstilling.

Ei studie frå 2014 **understreker dette.** Den syner at sjølv om kvinner og menn har dei same rettane i samfunnet, skapar barnefødsler ei arbeidsforskyving i heimen, og kvinner lemper på krava til ein

Norges Bygdekvinnelag
Besøksadresse: Schweigaardsgate 34 B,
Postadresse: PB 9358 Grønland, N-0135 OSLO
E-post: post@bygdekvinnelaget.no • **www.bygdekvinnelaget.no**

spanande jobb. Tidlegare forsking syner at sambuarar utan barn og familie har ei likestilt fordeling av arbeidsoppgåvene heime, men når paret får barn skyvast ein større del av heimearbeidet over på kvinna.

Denne forskyvinga heng saman med arbeidsmarknaden sine dynamikkar. For mens den norske velferdsstaten legg godt til rette for eit familieliv, er kombinasjonen av barn og arbeid framleis i stor grad eit individuelt ansvar.

Nettopp fordi kvinner i større grad enn menn tilpassar arbeidstida til omsorgsrolla vel dei gjerne å arbeide deltid. For dei kvinnene som jobbar deltid kan konsekvensen verte svakare tilknyting til arbeidslivet, dårlegare lønns- og pensjonsvilkår og dårlegare mogelegheiter for karriere.

I meldinga står det at regjeringa ønskjer å bidra til ein heiltidskultur i norsk arbeidsliv. Norges Bygdekvinnelag meiner dei nye endringane i arbeidsmiljøloven er feil vei å gå. Vi skapar ikkje ein heiltidskultur gjennom meir bruk av lengre vaktar, meir overtid, meir arbeid på søndag og helgedagar, eller økt bruk av midlertidige tilsettingar.

Endringane i arbeidsmiljøloven gjer det ikkje lettare å kombinere familieliv og arbeidsliv, men vil tvert imot kunne svekke likestillinga i arbeidslivet.

Kvinner i leiinga

Likestillinga er ikkje i mål. Det speglast i kven som sit i leiande posisjonar. Menn har framleis høgare posisjonar og løn innanfor ei rekke sentrale samfunnsområde i politikken, i akademia og i toppleiarsjiktet i næringslivet.

Særleg i næringslivet er det svært få kvinner i toppen, men heller ikkje staten utmerkjer seg positivt som eigar. Berre fem av dei 47 selskapa staten har store eigarandeler i har kvinnelege toppleiarar (DN). Både næringsliv og stat må verte flinkare til å rekruttere bredt.

Inntil nyleg har menn vore i klart fleirtal på studiar som leiarar ofte hentast frå, som ingeniørstudiar, handelshøgskular og jus. Dette biletet er i endring ettersom stadig fleire jenter vel ei utdanning innanfor teknologi, økonomi og jus, men det er likevel ingen automatikk i at me vil få sjå fleire kvinnelege leiarar i åra som kjem om det ikkje jobbast aktivt med dette.

Bygdekvinnelaget meiner både bedriftene sjølv og myndigheitene kan gjere meir for å rekruttere fleire kvinnelege leiarar. Statens prinsipp for god eigarskapsstyring bør utvidast til å gjelde mål om likestilling, og det må jobbast målbevisst og langsiktig med kompetanseutvikling.

Dagens likestillingslov skal ta sikte på å betre kvinner si stilling, og lova pliktar arbeidsgivarar og offentlege styresmakter til aktivt likestillingsarbeid gjennom ei aktivitets- og redegjeringsplikt. I dag brytast dette regelverket ofte, og Bygdekvinnelaget meiner difor at lovverket bør gjerast meir

konkret. Med eit meir konkret lovverk vil bedrifter verte oppmoda til å setje seg mål for kjønnsbalanse og kunne målast på måloppnåing, med konsekvensar om dei mislukkast.

Bygdekvinnelaget ber difor innstendig om at arbeidsgjevar si aktivitetsplikt ikkje må svekkast i forslaget om ny likestillings- og diskrimineringslov .

Berre ein av fire gründerar er kvinner. Eit altfor lavt tal.

Bygdekvinnelaget støtter likestillingsmeldinga si satsing på ungt entreprenørskap og synest det er interessant med større fokus på gründerverksemd innanfor pleie-, helse- og omsorgstenester.

Vi har mange gründerar blant eigne medlemar. Ein del av desse bestemte seg for å starte for seg sjølv etter fylte 50 år. Det var då dei hadde kapasiteten, erfaringa, tryggleiken, pågangsmotet og det økonomiske handlingsrommet til å satse på sine eigne gründeridear.

Bygdekvinnelaget meiner det kan være mykje å hente i å satse sterkare på godt vaksne kvinner som ønskjer å verte gründerar. Her kan kommunane ta ei meir aktiv rolle.

Som Regjeringa i meldinga påpeiker, er kommunen ofte førstelina for dei som søker hjelp til å realisere eigne gründerplaner. Bygdekvinnelaget ønskjer meir aktive kommunar som ser potensialet i å støtte opp under gründerverksemd som bidrar til å utvide lokale tenester og tilbod som kjem heile lokalsamfunn til gode.

Det handlar ikkje alltid om pengar og økonomisk støtte, men informasjon/rådgjeving/kontakt med andre som jobbar med det same, eller hjelp til rekneskap/IT/tilbod om leige av ein arbeidsplass m.m). Vi fryktar at kommunale næringsrådgivarar og andre som møter gründerane, ofte må bruke mykje av den tilmålte tida på å hjelpe med utfylling av ulike søknadsskjema, når mange av gründarane ofte treng ei heilt anna type hjelp mest, t. d. hjelp til kommersialisering av idé og marknadsføring.

Bygdekvinnelaget ser at dei gode mentorordningane er viktige for gründerane og det er heilt sentralt at kommunane fullt ut kjenner til eksisterande tilbod på dette området.

Bygdekvinnelaget oppmodar også regjeringa til å greie ut om mogelegheita for å gje kvinnelege gründerar del i nokre offentlege velferdsordningar i ei oppstartsfase. Kvinner er mindre risikovillege enn menn, og ei slik oppstartsordning kan tenkast å bidra til å gje fleire kvinner den naudsynte tryggleiken til å prøve ut ideen sin.

Frivillegheita si betydning

I dagens kommunestyrer er pr. i dag 38 prosent av kommunestyrerepresentantane og berre ¼ av ordførarane kvinner. Når vi veit at det i størst grad er kvinner som aktivt driv fram likestillingsspørsmål i politikken er det avgjerande å få inn fleire kvinner både i kommunestyra og andre leiande posisjonar.

Norges Bygdekvinnelag
Besøksadresse: Schweigaardsgate 34 B,
Postadresse: PB 9358 Grønland, N-0135 OSLO
E-post: post@bygdekvinnelaget.no • **www.bygdekvinnelaget.no**

Frivillege organisasjonar speler ei viktig rolle i det norske samfunnet. Dei er pådrivarar for politisk og sosial utvikling, og for svært mange innbyggjarar er organisasjonane også den lettaste vegen inn til deltaking i det norske demokratiet.

Vi meiner frivillege organisasjonar er viktige opplærings- og rekrutteringsarenaer for politikk og styrearbeid. Norges Bygdekvinnelag opplevast for våre medlemar som ein trygg og open arena der medlemar får både mogelegheit og sjølvtillit til å vera ein stemme både i nasjonale- og ikkje minst lokale samfunnsspørsmål.

Vår organisasjon er partipolitisk uavhengig. Med det skaper vi rom og takhøgde for å diskutere og følgje opp politiske saker som ikkje alltid står øvst på agendaen. Som kvinneorganisasjon ser vi at vi fyller ein viktig funksjon i aktivt å løfte fram likestillingsspørsmål. Det er nettopp fridomen frivillege organisasjonar har til sjølv å setje dagsorden som er med på å definere eit demokratisk samfunn.

Vi bidreg også til integrering - i møte med storsamfunnet er møtet med frivillege organisasjonar viktig for at tilflyttarar forstår korleis samfunnet er bygd opp og kva verdiar som skattast. Det vil ha stor betydning for likestillingsarbeidet i framtida.

Frivillege organisasjonar sin innsats er viktig i utviklinga av likestillingspolitikken. Bygdekvinnelaget meiner regjeringa sitt viktigaste bidrag til samarbeid med frivillegheita er å sikre forutsigbare økonomiske rammer for å støtte frivillege organisasjonar sitt vidare arbeid for likestilling.

Venleg helsing

Norges Bygdekvinnelag

Norges Bygdekvinnelag
Besøksadresse: Schweigaardsgate 34 B,
Postadresse: PB 9358 Grønland, N-0135 OSLO
E-post: post@bygdekvinnelaget.no • **www.bygdekvinnelaget.no**